



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1934

Namnet på vatnet

Skara tjirna

Kommune

Bjilneidund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S K O R A T J Ø R N A

Fiskeanalysen vart foreteken den 27. sept. 1974.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærare stadfest nord-vest for Nord-Skår, og grensar for ein del etter vegen mellom Fister og Nord-Skår.

Arealet er omlag 1.5 ha og h.o.h. 71 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 10.0 m. Stranda består for det meste av stein og fjell som går over til gjørmebotn på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, nøkkeroser, siv og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om noko kulturbeite, skogsmark og myr. Det veks for det meste naturleg furuskog.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men mindre bekke-tilsig fell inn fleire stader.

Avlaupet renn ut i sør-aust og går til sjøen ved Nord-Skår.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.4 som er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.5 mg/l og den totale hardheita 6.0 mg/l. Vatnet er såleis noko kalkfattig men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 48.8 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det ikkje funne liv i det heile og 5.0 meteren gav 1 stk. fjærmygg-larve tilsvarande 10 individ pr. m².

Dette syner at det er uvanleg lite næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøve av

1 fisk og her vart det funne plankton, buksvømmere, edderkopp,

øienstikkerlarver, vårflugelarver, sneglar og maur.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet var ein fattig prøve.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 4 garn, 1 stk. omf. 32, 1 stk. omf. 26, 1 stk. omf. 22 og 1 stk. omf. 14.

Resultatet etter 1 fangstnatt vart 3 aurar - 2 stk. på omf. 22 og 1 stk. på omf. 26.

Ein tok prøver av desse 3 fiskane og alle var lys-røde i fiskekjøttet. Vidare var 2 hofiskar og 1 hanfisk.

Alle 3 var gytefisk.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.0	8.3	13.0	19.4	25.1	29.0	31.1
Årleg lengdetilv. cm.	4.0	4.3	4.7	6.4	5.7	3.9	2.1
Antall fiskar	3	3	3	3	3	1	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.12 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Skoratjørna og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Skoratjørna ein heller dårleg lengdetilvekst og ligg stort sett under normalen like frå fyrste år av. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 32-33 cm.

Vanlegvis er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre fekk 3 fiskar er det uvisst om desse er representative for fisken i vatnet, men ein viss peikepinn vil dei gi.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig, men likevel med brukbare tilhøve for eit mindre fiskebestand.

Dei kjemiske tilhøva er gode, men botnprøvene og planktonprøven syner at det er særst lite med næringsdyr i vatnet. Garnprøven syner at det er eit minimalt fiskebestand i vatnet i dag.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei vesentleg rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma

vatnet tilgode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjøelve næringsgrunnlaget i eit vatn. Nedslagsfeltet for Skoratjørna er lite og stort sett med jordsmonn over det heile. Fylgjeleg blir ein del næringsstoff tilført vatnet ved tilsiga og dei kjemiske tilhøva blir relativt gode.

Fisken vi fekk var av bra kvalitet, men 3 fiskar på 4 garn fortel at fiskebestandet er særst tynt.

Gytetilhøva er dårlege og det er berre i avlaupsbekken at fisken gyt.

Praktiske tiltak.

Vatnet er lite og oversikteleg og ligg lageleg til. Vi vil tilrå at det vert sett ut ca 20 settefisk pr. år over ein 3-års periode. Dermed vil ein halde eit lite fiskebestand i vatnet og kunne få ei fiskekoke av og til. Då gytetilhøva er såpass dårlege vil ein vanskeleg kunne halde eit fiskebestand utan utsetjing av fisk.

Stavanger 14. april 1975

Einar Berg